

Møte i Marvik skule FAU – skuleåret 2022/2023.

Dato: 07.02.23

Skrivar: Elisabeth Bjørkhaug

Tilstade i møtet:

| | Representant | | Vararepresentant | |
|-----------|---------------------|---|--------------------|---|
| 1. klasse | Elisabeth Bjørkhaug | x | Siv Marita Iversen | |
| 2. klasse | Lisebeth Gjøse | x | Ingunn Stokka | |
| 3. klasse | Atle Tveita | x | Lars Ove Fjetland | |
| 4. klasse | Finn Arthur Rosland | x | Bjørn Helge Lovra | |
| 5. klasse | Elisabeth Bjørkhaug | x | Sissel Vatland | |
| 6. klasse | Liv Jorunn Øvrebø | x | Susanne Log | |
| 7. klasse | Bjørg Karin Øvrebø | | Svein Ove Hebnes | x |
| Rektor | Tanja Bergby | x | | |

Leiar: Atle Tveita

Nestleiar: Finn Arthur Rosland

Sak 14: Situasjon med bemanning på skulen

Nokon (få) foreldre har meldt uro rundt situasjon på skulen når fleire tilsette er borte og rektor må gå inn som vikar i skule og SFO over lang tid. FAU ønskjer å ha ein samtale med rektor rundt denne situasjonen, og visa støtte.

Rektor melder om at ho er inne som 100% lærar for tida, og at det er lite rom for administrasjon. Situasjonen kan stabilisera seg etter vinterferien. Skule og føresette merker at dei yngste elevane er sårbare for endringar og overgangar, og at elevane saknar trygge relasjoner på skulen.

Skulen organiserer seg annleis fram mot vinterferien, organiseringa går ut på å jobba i større grupper. Fagarbeidet blir prioritert inn i skuletida, og rektor tar mykje SFO. Dette skal gå fint fram mot vinterferien, men rektor håpar på ei meir stabil løysing etter dette.

Skulen har lyst ut ledig:

- 30% vikariat fagarbeidarstilling
- 80% vikariat lærarstilling.

Det er relevante søkjavar til fagarbeidarstillinga, men per møtetidspunktet ikkje til lærarstillinga.

FAU spør om det er vurdert å flytta lærarar frå andre skular? Rektor svarer at dette er eit av innspela ho har gitt administrasjonen.

Rektor har vurdert å sjølv gå inn som lærar fram til sommaren for å behalda stabilitet og støtte i den yngste elevgruppa, med ei slik organisering er skulen avhengig av administrativ støtte. FAU stiller seg positive til dette dersom det er mogleg å organisera administrativ

støtte inn til skulen på ein annan måte. Er det mogleg å organisera Suldalsskulen på anna vis?

FAU diskuterer robusthet, og spelar inn ein ide` om å tilsette lærarvikarar i Suldalsskulen som går inn som vikar «der det trengst». Det vart ikkje bestemt om dette var noko FAU ville gå vidare med, men blei gitt som eit innspel til rektor.

FAU diskuterte også foreldra sin rolle når skulen blir sårbar på måten Marvik skule er sårbar no. Dette går på «rundgang», og dei fleste skulane har kjent på dette i periodar. FAU ønskjer at leiari tar dette vidare i K-FAU. Korleis kan føresette vera med på å bygga opp omdømma til skulane? Korleis kan foreldregruppa sjå moglegheitene i staden for utfordringane? Korleis kan foreldregruppa spela administrasjonen og skulane gode, og styrka rekruttering av lærarar til heile Suldal?